

Eksamen

19. mai 2017

NAB3001

Naturforvaltning

Programområde: Naturbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Informasjon om vurderinga	<p>Mål som er omfatta av oppgåvene:</p> <ul style="list-style-type: none">• forklare og bruke sentrale omgrep innan fagområdet naturforvaltning• presentere utviklingstrekk innan naturbaserte næringar og aktivitetar nasjonalt og internasjonalt• gjere greie for kriterium for å lykkast med naturbasert næringsetablering• utarbeide ein forretningsplan med utgangspunkt i ein forretningsidé basert på tilgjengelege, naturbaserte ressursar• kartleggje utvalde nøkkelartar, naturtypar og naturressursar gjennom systematisk feltarbeid i eit valt geografisk område• registrere korleis menneskeleg bruk eller vern har påverka nøkkelartar, naturtypar og naturressursar i eit valt geografisk område• skissere ulike framtidsbilete for utvikling av eit valt geografisk område ut frå ulike brukar- og verneinteresser og vurdere miljøkonsekvensar av desse• drøfte korleis næringsverksemd, naturvern og friluftssinteresser i eit område kan samordnast• planleggje og gjennomføre utvalde praktiske tiltak som kan medverke til ei ønskt utvikling i eit område
Andre opplysningar	Ingen.

Oppgåve 1

Lortmyra er ei stor myr som er delvis jordvatnspåverka. På myra er det og ei grunn tjørn som heiter Lorttjønna.

Kommunen ønsker å drenere heile området og regulere det om til industriføremål. Fylkesmannen er tvilande til dette, sidan myr er ein naturtype i tilbakegang. I Lorttjønna er det dessutan funne raudlista amfibium, fuglar og insekt. Området er også eit sentrumsnært turområde for lokalbefolkninga.

Det blir vedtatt at inngrepet skal konsekvensutgreiast, og du får oppdraget.

Belys følgjande tema:

- a. Kartlegging av Lortmyra – korleis bør det gjennomførast, og kva burde vektleggjast under kartlegginga?
- b. Kva for nokre konsekvensar vil ei full nedbygging av myra kunne få?
- c. Skisser moglege interessekonfliktar og kom med forslag til korleis desse kan løysast.
- d. Kva blir konklusjonen din? Grunnje svaret.

Legg gjerne inn meir detaljerte beskrivingar av Lortmyra og Lorttjønna dersom du føler at det gjer svaret ditt meir komplett.

Oppgåve 2

I denne oppgåva skal du ta utgangspunkt i eit geografisk område der du er kjent.

Tenk deg at du overtar ein eigedom i dette området der det ikkje har vore landbruksdrift på mange år. På eigedomen er det eit bustadhus i god stand, ein stor låve frå 1960, eit lagerbygg frå 1970 og eldre bygg av kulturhistorisk verdi i dårleg stand. Det er få landbruksmaskinar som er i brukbar stand. Eigedomen har godt jaktterreng for småvilt, og rettigheter til storviltjakt. Eigedomen ligg like ved ein regionalt tettstad med flyplass.

Delar av eigedomen er del av eit landskapsvernområde. På eigedomen din er det registrert fleire artar som er på raudlista.

Du skal no svare på oppgåver der du tar utgangspunkt i informasjonen gitt over. Dersom du meiner det er viktig informasjon du manglar, beskriv du sjølv kva for nokre føresetnader du tar utgangspunkt i.

Oppgåvene står på neste side

Oppgåver

- a. Kva for nokre trendar og utviklingstrekk ser du innan naturbasert næringsutvikling i Noreg?
- b. Presenter ein kreativ, men realistisk forretningside basert på naturbaserte ressursar med utgangspunkt i eigedomen din.
- c. Kva meiner du er viktig for å lykkast med forretningsideen du har presentert?
- d. På kva for måtar kan det vere konflikt mellom interessene dine knytt til utvikling av næring på den eine sida og verneinteressene i området på den andre sida?
- e. Kva kan ein gjere for å leggje til rette for at ulike brukarinteresser i området blir samordna?

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Informasjon om vurderingen	<p>Mål som omfattes av oppgavene:</p> <ul style="list-style-type: none">• forklare og bruke sentrale omgrep innan fagområdet naturforvaltning• presentere utviklingstrekk innan naturbaserte næringar og aktivitetar nasjonalt og internasjonalt• gjere greie for kriterium for å lykkast med naturbasert næringsetablering• utarbeide ein forretningsplan med utgangspunkt i ein forretningsidé basert på tilgjengelege, naturbaserte ressursar• kartleggje utvalde nøkkelartar, naturtypar og naturressursar gjennom systematisk feltarbeid i eit valt geografisk område• registrere korleis menneskeleg bruk eller vern har påverka nøkkelartar, naturtypar og naturressursar i eit valt geografisk område• skissere ulike framtidsbilete for utvikling av eit valt geografisk område ut frå ulike brukar- og verneinteresser og vurdere miljøkonsekvensar av desse• drøfte korleis næringsverksemd, naturvern og friluftssinteresser i eit område kan samordnast• planleggje og gjennomføre utvalde praktiske tiltak som kan medverke til ei ønskt utvikling i eit område
Andre opplysninger	Ingen.

Oppgave 1

Lortmyra er en stor myr som er delvis jordvannspåvirket. På myra er det også et grunt tjern ved navn Lorttjønnna.

Kommunen ønsker å drenere hele området og omregulere det til industriformål. Fylkesmannen stiller seg tvilende til dette, siden myr er en naturtype i tilbakegang. I Lorttjønnna er det dessuten funnet rødlistede amfibier, fugler og insekter. Området er også et sentrumsnært turområde for lokalbefolkningen.

Det vedtas at inngrepet skal konsekvensutredes, og du får oppdraget.

Belys følgende tema:

- a. Kartlegging av Lortmyra – hvordan bør det gjennomføres, og hva burde vektlegges under kartleggingen?
- b. Hvilke konsekvenser vil en full nedbygging av myra kunne få?
- c. Skisser mulige interessekonflikter og kom med forslag til hvordan disse kan løses.
- d. Hva blir konklusjonen din? Begrunn svaret.

Legg gjerne inn mer detaljerte beskrivelser av Lortmyra og Lorttjønnna dersom du føler at det gjør besvarelsen din mer komplett.

Oppgave 2

I denne oppgaven skal du ta utgangspunkt i et geografisk område der du er kjent.

Tenk deg at du overtar en eiendom i dette området der det ikke har vært landbruksdrift på mange år. På eiendommen er det et bolighus i god stand, en stor låve fra 1960, et lagerbygg fra 1970 og eldre bygg av kulturhistorisk verdi i dårlig stand. Det er få landbruksmaskiner som er i brukbar stand. Eiendommen har godt jaktterreng for småvilt, og rettigheter til storviltjakt. Eiendommen ligger like ved et regionalt tettsted med flyplass.


Deler av eiendommen er del av et landskapsvernområde. På eiendommen din er det registrert flere arter som er på rødlisten.

Du skal nå svare på oppgaver der du tar utgangspunkt i informasjon gitt over. Dersom du mener det er viktig informasjon du mangler, beskriver du selv hvilke forutsetninger du tar utgangspunkt i.

Oppgavene står på neste side

Oppgaver

- a. Hvilke trender og utviklingstrekk ser du innen naturbasert næringsutvikling i Norge?
- b. Presenter en kreativ, men realistisk forretningside basert på naturbaserte ressurser med utgangspunkt i eiendommen din.
- c. Hva mener du er viktig for å lykkes med forretningsideen du har presentert?
- d. På hvilke måter kan det være konflikt mellom dine interesser knyttet til utvikling av næring på den ene siden og verneinteressene i området på den andre siden?
- e. Hva kan man gjøre for å legge til rette for at ulike brukerinteresser i området blir samordnet?



www.vigoiks.no/eksamen